



EIDFJORD KOMMUNE KOMMUNALTEKNISK DRIFT
Simadalsvegen 1 (JE)
5783 Eidfjord

Sakshandsamar:
Anette Heggøy

Rapport frå inspeksjon ved avløpsanlegga i Sysendalen, Isdøla og Maurset reinseanlegg i Eidfjord kommune

Kontrollnummer: 2021.416.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Geir Underhaug, rådmann
Arne Bu, einingsleiar Drift & Forvaltning
Louise Pettersen, ass. einingsleiar Drift & Forvaltning
Nils Heen, driftsoperatør
Frede Olaussen, driftsoperatør

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Anette Heggøy, overingeniør
Sissel Storebø, seksjonsleiar

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved avløpsanlegga i Sysendalen, Isdøla og Maurset reinseanlegg i Eidfjord kommune 7. september 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekket 2 avvik under inspeksjonen. Statsforvaltaren ser alvorleg på begge avvik, med bakgrunn i omfanget av avvik.

Avvik:

- Reinseanlegga i Sysendalen i Eidfjord kommune oppfyller ikkje krava i forureiningsforskrifta kapittel 14
- Kommunen sin internkontroll har manglar.

Avvika er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: EIDFJORD KOMMUNE KOMMUNALTEKNISK DRIFT	
Organisasjonsnr.: 976830911	Eigd av: 944227121
Bransjenr. (NACE-kode): 42.110 - Bygging av veier og motorveier	

Kontrollert eining

Namn: Isdøla reinseanlegg Maurset reinseanlegg	Anleggsnr.: 4619.0008.01 4619.0019.01
Kommune: Eidfjord	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -rensing	
Løyve gitt:	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollera om gjeldande krav som er fastsett i eller med heimel i forureiningslova blir etterlevd. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin landsdekkande tilsynsaksjon for avløp 2021. Inspeksjonen gjeld alle kommunale avløpsanlegg som er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14. I Eidfjord kommune er Maurset og Isdøla reinseanlegg no omfatta av dette regelverket. Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Organisering av avløp i kommunen
- Planar og styringsdokument
- Drift og vedlikehald
- Utsleppskontroll
- Overløp
- Risikovurdering
- Avvikshandtering

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Eidfjord kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Eidfjord kommune innan 10. desember 2021 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ser alvorleg på avvika som vart avdekte i denne inspeksjonen. Eidfjord kommune må sende inn ei eiga skriftleg utgreiing innan 10. desember 2021 som beskriv kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde for å lukke desse avvika.

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved ny kontroll.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

4. Pålegg om opplysningar

Eidfjord kommune må sende følgjande opplysningar til Statsforvaltaren i Vestland innan 10. desember 2021:

- Detaljert framdriftsplan for planlegging og bygging av nytt reinseanlegg i Sysendalen
- Skriftleg vurdering av mellombels tiltak for å redusere belastning på eksisterande anlegg og andre tiltak for å betre reinsinga på eksisterande anlegg.

Pålegget er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

Klagerett

De har rett til å klage på pålegg om opplysningar dersom de meiner at de ikkje har plikt eller løyve til å gi slike opplysningar. Ein klage bør grunngjevast, og han skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland seinast 3 dagar etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 14. Ein klage kan vere både skriftleg og munnleg.

5. Varsel om pålegg om granskingar

Statsforvaltaren varslar at vi vil påleggje Eidfjord kommune å planlegge og setje i verk eit overvåkingsprogram for å kartlegge og følgje med på korleis utsleppa frå Isdøla og Maurset reinseanlegg påverkar resipientane.

Overvakinga skal i planleggast og gjennomførast i samsvar med vassforskrifta sin føresegner om tiltaksorientert overvaking § 18 og vedlegg V punkt 1.3 og det til ein kvar tid gjeldande rettleiingsmateriell til vassforskrifta.

Overvåkingsprogrammet skal utarbeidast i samarbeid med nødvendig fagekspertise og omfatte resipientar der det er utslepp av avløpsvatn. Overvåkingsprogrammet skal leggast fram for Statsforvaltaren i Vestland for eventuelle merknader innan 10. desember 2021.

Pålegget vert gitt med heimel i forureiningslova § 51a).

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

6. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 5. juli 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Eidfjord kommune betale eit gebyr på 33 800 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

7. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

8. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Reinseanlegga i Sysendalen i Eidfjord kommunen oppfyller ikkje krava i forureiningsforskrifta kapittel 14.

Avvik frå:

- Forureiningsforskrifta kapittel 14
 - § 14-4 krav om løyve
 - § 14-7 (reinsekrav for utslepp til normalt område)
 - § 14-10 (Utforming og drift av reinseanlegg)
 - § 14-11 (Prøvetaking)
 - § 14-12 (Analyse)
- Forureiningslova § 7

Kommentar til regelverket:

Forureiningsforskrifta kapittel 14

Maurset og Isdøla reinseanlegg har løyve frå 1997, i si tid gitt av Fylkesmannen i Hordaland. Desse løyva er utdaterte og ikkje i tråd med gjeldande regelverk. Forureiningsforskrifta § 13- 18 og § 14-17 angir kva krav som gjeld for anlegg omfatta av kapittel 13 og kapittel 14, med løyver gitt i medhald av forureiningslova før 1. januar 2007.

Tilførslane frå hytteområda i Sysendalen som er knytta til dei kommunale avløpsanlegga Maurset og Isdøla reinseanlegg er i dag totalt på meir enn 2000 pe og er difor omfatta av krava gitt i forureiningsforskrifta kapittel 14.

Forureiningsforskrifta § 14-5 og § 14-9 til § 14-14 erstattar løyva sine krav til avløpsnett, overvaking, utforming og drift av reinseanlegg, prøvetaking, analyse, vurdering av analyseresultat og varsling av avvik frå reinsekrav. § 14-6 til § 14 -8 erstattar krav til reinsing. Både Isdøla og Maurset reinseanlegg har utslepp til ferskvassresipient som i forskrifta er karakterisert som normalt område. Anlegga er difor omfatta av reinsekrava i forureiningsforskrifta § 14-7.

Forureiningslova § 7

Forureiningslova § 7 seier at ingen må ha, gjere eller setje i verk noko som kan medføre fare for forureining utan at det er lovleg etter §§ 8 eller 9, eller tillate etter vedtak i medhald av § 11. Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova skal den ansvarlege sørge for tiltak for å hindre at den oppstår. I tilfelle der forureininga allereie har oppstått skal den ansvarlege sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga.

Avviket er basert på følgjande:

Oppnåing av reinsekrav (§ 14-7)

Ut frå prøveresultat rapportert i samband med eigenkontrollrapporteringa oppnår verken Maurset eller Isdøla reinseanlegg reinsekrava om fosforfjerning og sekundærreinsing.

Prøvetaking og analysar (§§ 14-10, 14-11 og 14-12)

Reinseanlegga er ikkje tilrettelagt for representativ prøvetaking og det vert ikkje gjennomført akkreditert prøvetaking eller vassmengdemåling ved reinseanlegga. Kommunen har ikkje ein plan for etablering av representativ prøvetaking og vassmengdemåling.

Kommunen har analysert prøvane av inn og utløpsvatn for kjemisk oksygenforbruk (KOF) og totalt fosfor (TotP). Krav til analysar i forureiningsforskrifta kapittel 14 inneber at prøvane også skal analyserast for biologisk oksygenforbruk (BOF). Kommunen har tatt ut 9 og 10 prøvar frå høvesvis Maurset og Isdøla reinseanlegg, kravet i forskrifta er 12 prøver per år for anlegg med tilførselar mellom 1000 og 10 000 pe.

Dimensjonering og drift (§ 14-10)

Reinseanlegga si dimensjonering har ikkje blitt utvida i takt med hytteutbygginga i Sysendalen. Reinseanlegga er difor i dag betydeleg overbelasta. Kapasiteten på reinseanlegga vert ikkje teke omsyn til i samband med planlegging og bygging av nye hytter. Kommunen har ikkje rutine for å følgje med på reinseresultata og held seg ikkje til reinseresultata i den daglege drifta.

Oppsummering

Overskriding av dimensjonerande kapasitet og auke av tilførselar til eit anlegg der ein ikkje har oversikt over reinseffekt og truleg ikkje oppnår forskriftskrava til reinseffekt, medfører fare for forureining utover det som er lovleg etter forskrift eller tillate etter vedtak jf. forureiningslova § 7 første ledd. Fram til Eidfjord kommune har utbetra avløpstilhøva, er kommunen i brot med forureiningsforskrifta kapittel 14 og forureiningslova § 7. Dette betyr at kommunen ikkje kan tillate nye påslepp til eksisterande anlegg så lenge anlegga ikkje oppfyller reinsekrava i forureiningsforskrifta. Vi viser også til kommunen si tiltaksplikt ved fare for forureining jf. forureiningslova § 7 andre ledd.

Avvik 2

Kommunen sin internkontroll har manglar.

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 punkt 1, 6 og 7

Kommentar til regelverket:

Internkontrollforskrifta gir reglar om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet i kommunen skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

Oversikt over regelverk (§ 5 punkt 1)

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 1, skal kommunen sørge for at dei lover og forskrifter i helse- miljø- og tryggleikslovjevnaaden som gjeld for verksemda er tilgjengeleg, og ha oversikt over dei krav som er av særleg viktigheit for verksemda.

Miljørisikovurderingar og handlingsplanar (§ 5 punkt 6)

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6, skal det gjennomførast

miljørisikoanalyse av verksemda. Analysen skal kartlegge fare og problem med omsyn til ytre miljø, og verksemda skal på bakgrunn av dette vurdere risiko. På bakgrunn av risikoanalysen skal det utarbeidast handlingsplanar og tiltak skal gjennomførast for å redusera risikotilhøva.

Avvikshandtering (§ 5 punkt 7)

I samsvar med internkontrollforskrifta skal verksemda iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge overskridingar av krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiksløvgivinga. Relevante rutinar kan vere rutinar for korleis vedlikehald skal gjennomførast, drift av reinseanlegga, handtering av avfall og avvikshandtering.

Avviket er basert på følgjande:

Oversikt over regelverk (§ 5 punkt 1)

Kommunen har ikkje hatt oversikt over kva krav som gjeld for reinseanlegga i Sysendalen etter at anlegga vart omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14. Kommunen har ikkje hatt oversikt over reinseeffekten til anlegga og heller ikkje halde seg til dei andre krava i forskrifta.

Miljøriskovurdering og handlingsplanar (§ 5 punkt 6)

Kommunen har ikkje utarbeida ein miljøriskovurdering med handlingsplan for avløpsanlegga i kommunen.

Statsforvaltaren tilrår at metodikk i Norsk Vann rapport 197/2013 « Avløpsanlegg – vurdering av risiko for ytra miljø» vert nytta ved oppdateringa av miljøriskovurderinga og tilhøyrande tiltaksplan.

Kommunen har heller ingen heilskapleg plan for systematisk planlegging av tiltak på avløpsområdet.

Avvikshandtering (§ 5 punkt 7)

Kommunen sitt system for registrering og handtering av avvik er mangelfullt. Det er ikkje etablert spesifikke rutinar for avvikshandtering når det gjeld ytre miljø i kommunen.

Driftsavvik på Maurset reinseanlegg blir logga i driftskontrollsystemet til kommunen, og informasjon om avvik blir munnleg informert om til overordna. Isdøla reinseanlegg er eit heilt analogt anlegg og er derfor ikkje inkludert i driftskontrollsystemet. Avvik frå reinsekrav har ikkje blitt registrert som avvik eller følgt opp. Klager har blitt lagra og handtert som eigne saker i kommunen sitt sakshandsamingssystem.

9. Merknader

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

10. Andre forhold

Om kommunens overordna styring og planlegging

Hovudfokus for tilsynet var denne gongen å kontrollera at kommunane tar sitt ansvar for at avløpsanlegga inklusive leidningsnett er innretta i tråd med regelverk og gjeldande

løyve. Hovudmålet for aksjonen var ansvarleggjering av kommuneleinga og i mindre grad tekniske krav til reinseanlegga.

Eidfjord kommune har som inspeksjonsrapporten viser mykje arbeid att på avløpssektoren for å få på plass reinseanlegg med tilstrekkeleg reinsegrad og kapasitet. Under tilsynet opplevde vi at kommunens VA-etat, rådmann og politikarar tek dette alvorleg.

Dei seinare åra er det gjennomført organisatoriske endringar og endringar i rutinar når det gjeld byggesakshandsaming som sikrar betre kommunikasjon på tvers. Kommunedelplanen stiller krav om VA-rammeplan i alle byggesaker. Mykje informasjon vert utveksla frå sak til sak sidan organisasjonen er liten. Kommunen manglar likevel ein meir systematisk dialog i form av jamlege møter etc.

Nytt reinseanlegg

Eidfjord kommune er i gang med planprosessen for nytt reinseanlegg. Kommunestyret vedtok 16. desember 2019 at det skal byggjast eit nytt reinseanlegg og at administrasjonen kan starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar om eigna tomt, og til å starta prosjekteringa. Det er satt av pengar i økonomiplan for planlegging og prosjektering av anlegget og det er utført eit forprosjekt for å kartlegge mogelege løysingar/plasseringar av nytt reinseanlegg. Sweco er leigd inn på rammeavtale for å hjelpe kommunen med dette arbeidet. Val av tomt skal etter planen handsamast i kommunestyret i oktober 2021.

Kommunen har også eit pågåande prosjekt der målet er å få utarbeide ein infrastrukturplan. Målet med planen er å sikre ein meir langsiktig tenking og planlegging av VA- arbeidet i kommunen.

Leidningsnett

Kommunen har god oversikt over leidningsnett og har leidningskart som er oppdatert. Ein har oversikt over leidningsnett sin tilstand og kapasitet. Leidningane består berre av separatsystem og leidningsnett har tilstrekkeleg kapasitet til å handtere tilførslane frå Sysendalen. Kommunen har eit prosjekt på gang for å redusere problematisk innlekkasje på nettet.

Prøvetaking

Kommunen har hatt eit møte med Vann Vest om akkreditert prøvetaking ved eksisterande anlegg. Kommunen har planar om å kjøpe mengdemålar og prøvetakingsutstyr for representativ mengdeproporsjonal prøvetaking for anlegga før vinteren 2022. Akkreditert prøvetaking vil ikkje bli innført på dei gamle anlegga men vil ivaretakast for det nye anlegget.

Avvikshandtering

Kommunen har nyleg tatt i bruk programmet Compilo som skal nyttast til avvikshandtering i heile verksemda. Programmet er under utrulling i organisasjonen.

Rapportering til staten

Maurset og Isdøla reinseanlegg har i Miljødirektoratet sin database over avløpsanlegg vore registrert som anlegg omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 13. Vi kjem til å endre dette slik at anlegga frå no vert registrert som kapittel 14-anlegg. Dette inneber at Statsforvaltaren

i Vestland vil ha ansvaret for å følge opp og kontrollere eigenkontrollrapportane som vert levert for anlegget.

Nytt løyve

Maurset og Isdøla reinseanlegg har løyve frå 1997, i si tid gitt av Fylkesmannen i Hordaland. I 2001 vart Eidfjord kommune forureiningsstyresmakt for avløpsanlegga og løyvet vart overført til kommunen. Eidfjord kommune har ikkje oppdatert løyvet sidan då. Løyvet frå 1997 er i dag utdatert og ikkje i tråd med gjeldande regelverk. Gjeldande regelverk for anlegga er som nemnt forureiningsforskrifta kapittel 11 og kapittel 14. Statsforvaltaren vil difor starte arbeidet med å utarbeide nytt løyve for områda som i dag er knyta til Maurset og Isdøla reinseanlegg.

Som grunnlag for arbeidet med nytt løyve må kommunen oversende ein søknad om nytt løyve, inklusiv ein framdriftsplan for arbeidet med nytt reinseanlegg. Vi viser her til forureiningsforskrifta § 36-2 og til Miljødirektoratet si rettleiing for utsleppssøknader gitt på miljødirektoratet sine nettsider

(<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/industri/for-naringsliv/soknadsveileder-landbasert-industri/>). Statsforvaltaren i Oslo og Viken har også laga ei rettleiing til utsleppssøknader som er spesifikk for utslepp av kommunalt avløp, som kan vere nyttig å sjå til (<https://www.statsforvalteren.no/oslo-og-viken/miljo-og-klima/avlop/soknad-om-tillatelse/>).

11. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Forurensningsforskrifta
- Internkontrollforskrifta

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Resipientvurdering utarbeida i samband med planlegging av Sysendalen reinseanlegg
- Rapport frå vassovervaking av Bjoreio utarbeida av DIHVA i 2019
- Organisasjonskart for kommunen
- Oversendt dokument med opplysningar om kommunen sin internkontroll, reinseanlegg, måleprogram, avvikssystem, risikovurderingar og planar for avløpsanlegga.

12. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)